

---

**Fra:** Ingrid Raniseth  
**Sendt:** mandag 13. november 2017 14.06  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** 17/22533 Reguleringsendring for Fossemyra idrettsanlegg- Melding om planvedtak  
**Vedlegg:** Reguleringsplan for Fossemyra idrettsanlegg - 2. gongs handsaming.docx.pdf  
**Kategorier:** ARKIVERT I FOKUS

Fellesråd Eldreråd/RMF  
HER

Referanser: Saksbehandlar: 13.11.2017  
Dykkar: Ingrid Raniseth  
Vår: 16/1505 - 17/22533 ingrid.raniseth@meland.kommune.no

## Reguleringsendring for Fossemyra idrettsanlegg- Melding om planvedtak

### **KUNNGJERING AV ENDELEG VEDTAK REGULERINGSPLAN FOSSEMYRA IDRETTSANLEGG**

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) §12-12 er framlegg til plan handsama i kommunestyre 08.11.2017 med slikt vedtak:

*«Meland kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fossemyra idrettsanlegg, PlanID 1256 2016 0006, som vist på plankart sist datert 12.10.17 og med føresegner av revisjonsdato 04.07.17, med følgjande endring plankartet:*

*Regulert byggegrense vert flytta lenger aust, ny avstand til nabogrense = 6,5 m.*

*Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovens § 12 – 12.»*

De er med dette gjort kjend med vedtaket.

Planvedtak og godkjent reguleringsplan er lagt ut i resepsjonen på rådhuset, på kommunen si heimeside (under høyringar og offentleg ettersyn) og i digitalt planarkiv (braPLAN).

### **OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN**

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova § 28. **Klagefristen er 3 veker** rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1. ledd.

Eventuell klage må vere skriftleg og skal sendast til:

*Meland kommune, Plan, utbygging og kommunalteknikk, postboks 79, 5906 Frekhaug,*  
eller som e- post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk av området og er bindande for nye tiltak, samt utviding av eksisterande tiltak, jf. PBL §12-4. Eventuelle krav om erstatning eller innløyning i samband med godkjend reguleringsplan må setjast fram innan 3- tre år- etter denne kunngjeringa, jf. PBL § 15-2 og 3.

Med helsing

Ingrid Raniseth  
Plansakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Reguleringsplan for Fossemyra idrettsanlegg - 2. gongs handsaming